

Referat 2007

Referat fra Nasjonalt fagråd for kvinne- og kjønnsforskning 2007

Sted: Universitetet i Tromsø

Tid: 26. oktober 2007, kl. 9.00-15.00

Representantar:

- Universitetet i Tromsø, Senter for kvinneforskning og kvinner i forskning
Siri Gerrard (nestleiar), Lise Nordbrønd
- Universitetet i Bergen, Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Ellen Mortensen (leder), Tone Lund-Olsen (sekretær)
- Universitetet i Oslo, Senter for kvinne- og kjønnsforskning
Hilde Bondevik, Oddrun Rangsæter
- Universitetet i Stavanger, Nettverk for feministisk teori og kjønnsforskning
Ingvill Helstrand
- Norges Studentunion, UiTø
Lone Dybdal

Observatørrar:

- Høgskolen i Lillehammer, ODA – Janneke van der Ros
- KILDEN – Maria Grönroos
- FOKK – Rannveig Dahle

Meldt forfall:

- NTNU, Senter for kvinne- og kjønnsforskning ved Institutt for tverrfaglige kulturstudier
Merete Lie, Trine Annfelt
- Høgskolen i Finnmark – Wenche Kjæmpenes

SAKSLISTE

Sak 1/2007 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak: Innkalling og saksliste til møtet 26.10.2007 vart godkjent.

Sak 2/2007 Godkjenning av referat frå 20.10.2006

Referat vedlegg 1

Vedtak: Referat frå møtet 20.10.2006 vart godkjent.

Sak 3/2007 Godkjenning av nytt regelverk for fagrådet

Nestleiar Siri Gerrard gjekk gjennom forslaga til endring av "Reglementet for Nasjonalt fagråd for kvinne- og kjønnsforskning" som var sendt til medlemmane på førehand.

Endringane innebar ei tilpassing til standardreglementet for nasjonale fagråd vedteke av

UHR sitt styre 21. nov. 2005.

Vedtak: Dei føreslegne endringane vart godkjent og vil bli innarbeidd i reglementet.

Sak 4/2007 Karakterbruk i UH-sektoren (bachelornivå)

Fagrådet gjekk gjennom dei utsendte oppgåvene frå emna KULT 202, NTNU, Kjønn og vitskap 1020, UiO og KVIK 101, UiB. Fagrådet fann det vanskeleg å samanlikna desse kursa fordi dei representerte ulike nivå og ulike eksamensformer. Manglande pensumlistar og studieplan gjorde det ytterlegare vanskeleg å vurdere karaktersettinga. Likevel vart det ein god diskusjon omkring både karaktersetting og ulikt nivå på pensumlitteratur (bruk av original vs sekundærlitteratur på dei ulike nivåa). Det var stort sett semje omkring karakterbruken, men det kan synast som om det er ein tendens til at UiB er litt mindre strenge enn resten. Likevel ser ein at karakterane på dei tre kursa som vart vurdert, fordeler seg omtrent etter gjennomsnittleg karakterfordeling elles.

Til neste evalueringsrunde bør ein passe på at oppgåvene fagrådet skal vurdere er samanliknbare. Det vil seie at dei er på same nivå og representerer same eksamensform.

Vedtak: Ein rapport basert på gjennomgangen på møtet, samt ein gjennomgang av masteroppgåver på eit eige arbeidsmøte i desember, vil bli utarbeidd av fagrådet og sendt til UHR.

Sak 5/2007 NUFU-prosjekt og resultatbasert forskingsfinansiering

Siri Gerrard la fram eit forslag om ei endring av den resultatbaserte forskingsfinansieringa knytt til NUFU-prosjekt. Dagens finansieringssystem i universitets- og høgskulesektoren gir ikkje utteljing for prosjekt finansiert av NUFU (The Norwegian Programme for Development, Research and Education). Arbeid med NUFUprosjekt gir heller ikkje utteljing i pliktarbeidet. Dette bør endrast.

Vedtak: Fagrådet for kvinne- og kjønnsforskning ber UHR arbeide vidare med og ta opp med Forskings- og høgare utdanningsdepartementet at deltaking i NUFU-prosjekt og evt. deltaking i liknande internasjonale program skal gi utteljing i finansieringssystemet. Det inneber at fagmiljøa må legge til rette for at arbeid i NUFU-prosjekt gir utteljing i pliktarbeidet ved universitet og høgskular, og sist, men ikkje minst at grader som vert avlagt som resultat av ein felles innsats mellom institutt og rettleiarar i Sør og Nord gir finansiell utteljing også ved dei norske institusjonane.

Sak 6/2007 Institusjonalisering og synleggjering av satsinga på kjønnsforskningsfeltet ved høgskulane

Under førre fagrådsmøte vart det etterlyst ein diskusjon omkring institusjonalisering og synleggjering av kjønnsforskningsfeltet ved høgskulane. Ein veit at det føregår ein heil del kjønnsrelatert forskning og undervisning ved høgskulane rundt omkring i landet, utan at det finst noko systematisk oversikt over dette. Ein slik oversikt vil vere viktig for å synleggjere satsinga på kjønnsforskningsfeltet på høgskulane.

Vedtak: Fagrådet for kvinne- og kjønnsforskning vil sende ein førespurnad til KiFkomitéen (Kvinner i forskning) v/Linda Rustad om å foreta ei kartlegging av forskning og undervisning innan kjønnsforskningsfeltet ved høgskulane som eit ledd i arbeidet med å synleggjere, institusjonalisere og kvalitetssikre satsinga på dette feltet.

Sak 7/2007 Oppretting av nasjonale forskarskular?

Ellen Mortensen orienterte om at det under den nordiske forskarskulen Norsgender sin

oppsummeringskonferanse i september kom fram at finansieringa av Norsgender går ut i 2009 og at det då må søkast om nye midlar. Det har kome signal frå Nordforsk om at dei berre vil støtte formaliserte samarbeid mellom nasjonale forskarskular. Slike forskarskular finst i dag i Finland og Sverige, men ikkje i Danmark, Island og Noreg. Det er derfor viktig å få i gang ein diskusjon om etablering av ein nasjonal forskarskule i Noreg. Målet bør vere å få forskarskulen på plass til søknadsfristen til Nordforsk i 2009. For å få dette til bør fagmiljøa i Noreg slå seg saman og arrangere felles PhD-kurs som også kan vere opne for masterstudentar. Ein kan tenke seg både kurs som kan inkludrast i anna forskarutdanning og tilbod om å få heile forskarutdanninga innanfor forskarskulen. Etableringa av ein nasjonal forskarskule, som også er knytt til ein nordisk forskarskule, vil både opne for uavhengig samarbeid på nasjonalt nivå og eit samarbeid med dei andre nordiske landa. Dette vil sikre god kvalitet og betre profilering av kursa. Nettverket ein forskarskule representerer vil også kunne styrke dei små miljøa sine sjansar til å nå gjennom med søknadar om stipend og prosjektmidlar.

Vedtak: Fagrådet vedtok å kalle dei aktuelle miljøa saman til eit arbeidsmøte snarast for å starte prosessen med å søke om midlar til etableringa av forskarskulen. KILDEN fekk ansvar for å skaffe fagrådet ein oversikt over tilsvarande finske og svenske forskarskular. Leiar for fagrådet, Ellen Mortensen, kallar inn til arbeidsmøte i Bergen i desember.

Sak 8/2007 Opptak av nye representantar til fagrådet

Vedtak: Fagrådet sender brev med oppmoding til Universitetet i Agder om å oppnemne representantar til fagrådet og be UHR om at desse formelt vert tatt opp. Fagrådet vender seg også til alle høgskular som driv kjønnsforskning og/eller undervisning med oppfordring om å oppnemne observatørar til fagrådet.

Sak 9/2007 Nytt møte

Neste fagrådsmøte vart lagt til Bergen 24. oktober 2008.

Sak 10/2007 Eventuelt

Ingen saker var meldt til eventuelt.